

# STATUSRAPPORT



NRK Nynorsk mediesenter

30.06.2022

- ✓ **Vegard Tjørhom ny utanrikskorrespondent i NRK**
- ✓ **Tre praktikantar har fått fast jobb i NRK**
- ✓ **«DK-kull» og opptur for nynorsken i nord**
- ✓ **Roger Sevrin Bruland vann nynorskprisen for journalistar**
- ✓ **Ann-Iren Finstad er ny nyhendesjef i NRK**

---

*Sidan starten i 2004 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 180 praktikantar. Frå dei ti siste kulla er 50 prosent av praktikantane i arbeid i NRK. 20 prosent jobbar i TV 2, aviser og andre medium. 10 prosent jobbar med informasjon, språk og reklame.*

# Innhold

Leiaren oppsummerer våren 2022.....	2
Frå praktikant til faglærar (x 2).....	4
Tre faste NRK-tilsetjingar på kort tid.....	5
Vegard blir korrespondent i Afrika.....	6
Ann-Iren er ny nyhendesjef i NRK.....	7
Sikra seg fast jobb i TV Bra.....	7
Ingvi sluttar i NRK - blir ny redaktør.....	8
Seline er klar for «comeback» i NRK.....	9
Blir sjef for bokbåten «Epos».....	9
Dekkjer krigen i Ukraina: – Vil bidra .....	10
Laga podkast om Arve Beheim Karlsen .....	10
Ein barndomsdraum går i oppfylling .....	11
Heidra for årets nyskaping .....	11
Laga «Krøll» på TV: – Det kjennest heilt surrealistisk og fantastisk!.....	12
Fekk nynorskprisen for journalistar .....	13
Praktikantane gav nynorsken ein puff i nord – og alle har fått jobb vidare .....	14
Kull 36: «Som å gå inn i ei berg- og dalbane».....	15
Dette er praktikantane på kull 37.....	17
Kvar blir nynorskpraktikantane av?.....	18

# Leiaren oppsummerer våren 2022

Det er viktig at NRK Nynorsk mediesenter bidreg med nynorskbrukande praktikantar også utanfor Marienlyst og dei «vanlege» distriktskontora. Derfor er det noko av det eg sit att med, når vi skal oppsummere det første halvåret i 2022:

For første gong har mediesenteret sendt praktikantar berre til distriktskontor. To av dei hadde den eksterne praksisen sin i nord – i område som elles ikkje er bortskjemde med nynorsk. Erfaringane med dette var svært gode, takka vere dyktige praktikantar og imøtekommande redaksjonar. Signala frå nord er at mediesenteret gjerne må sende fleire praktikantar til dei, og det gjer vi gjerne.



TV 2-STUDIO: Kull 36 var innom TV 2 sitt Premier League-studio under ekskursjonen til Bergen. Bak frå venstre: Ingeborg Grindheim Slinde, Oda Flaten Lødemel, Kasper Valestrand og Ingrid Årdal. Framme frå venstre: Kristina Kassab Liland, Rune Fossum Lillesvangstu og Eva Marie Felde.

Effekten på nynorskprosenten ved kontora er også verdt å leggje merke til. Det skal så lite til for å gje nynorsken eit løft, spesielt på nett, der prosenten i NRK generelt er altfor låg. Det peikar og Medietilsynet på i tilsynsrapporten sin for 2021. Her er det berre éin farbar veg for at NRK skal stabilisere seg på over 25 prosent, og det er å tilsetje folk med nynorskkompetanse. Andre tiltak har vore prøvd, utan at det

har hatt ein god nok effekt på lang sikt. Så oppmadinga til heile NRK er: vi må bli flinkare til å bruke vårt eige rekrutteringstiltak for nynorskbrukande journalistar!

Praktikantane på kull 36 har blitt sjølvgåande og dyktige journalistar på kort tid. Når vi no går inn i sommaren, går dei frå å vere i ekstern praksis og over i sommarjobbar. No blir det forventa at dei skal bidra i redaksjonane som vanlege journalistar. Og det veit vi at dei er i stand til. No er det opp til NRK å ta vare på talenta også vidare. Det gjeld og tidlegare praktikantar, som no er i ulike vikariat.

NRK Nynorsk mediesenter har halde fram med å organisere nynorsk fadderordning i samarbeid med språksjefen. Dette har fungert godt, og tilbakemeldingane frå deltakarane har vore av det positive slaget. Målet er å få med endå fleire, og at det kan inspirere til meir nynorsk på nettsidene til NRK.

Mediesenteret er framleis involvert i framdrifta for Nynorskhuset i Førde. Her sit Rune Fossum Lillesvangstu i styringsgruppa for prosjektet, og mykje av arbeidet handlar no om samarbeidsavtalar med andre aktørar, interiør og møblering – og dessutan planlegging av opninga i september 2023. Her vil mediesenteret få ei nøkkelrolle med å arrangere ein nasjonal språkkonferanse.

---

***Det viktigaste for mediesenteret er og blir opplæringa av ti praktikantar i året***

---

Men: Det viktigaste for mediesenteret er og blir opplæringa av ti praktikantar i året. Vi ser at det er uvanleg mange tidlegare praktikantar i ulike vikariat i NRK no, og underteikna er uroa over kva som kan komme til å skje når mange av desse går ut til sommaren 2022.

Skal NRK klare å stabilisere nynorskdelen på over 25 prosent, må NRK satse på å tilsetje fleire nynorskbrukarar i faste stillingar. Her ligg alt til rette om ein brukar NRK sitt eige rekrutteringstiltak endå betre.

Rune Fossum Lillesvangstu, Førde 30. juni 2022

## Har slutta med full oversikt over alle praktikantane

Dette er den første statusrapporten der vi opererer med tal og statistikk for berre dei ti siste kulla med nynorskpraktikantar. Tidlegare rekna NRK Nynorsk mediesenter på tal for praktikantar heilt tilbake til 2004, men det har blitt bortimot umogleg å halde kontroll på kvar alle dei 180 praktikantane jobbar til ei kvar tid. Og vanskelegare vil det berre bli, samstundes som tala aldri har hundre prosent korrekte. Vi meiner det i staden er meir interessant å rekne på dei siste ti kulla – det vil seie praktikantar dei fem siste åra. Det vil gje eit betre tidsbilete på korleis mediesenteret treffer med opplegget, og såleis i kva grad vi bidreg med aktualitet og oppdaterte praktikantar, både til NRK og resten av mediebransjen.



## Frå praktikant til faglærar (x 2)

**Sondre Dalaker steppar inn som faglærar på NRK Nynorsk mediesenter. Til hausten blir det dermed to tidlegare praktikantar som skal lære opp dei nye praktikantane på «loftet» i Førde.**

– Eg er veldig nøgd med denne løysinga. Og ekstra kjekt er det å bruke tidlegare praktikantar som lærarar – dei kjenner opplegget frå innsida og har såleis ekstra innsikt å bidra med, seier leiar Rune Fossum Lillesvangstu.

Sondre Dalaker skal vere med som faglærar i éin månad på loftet for kull 37. Då tar han over stafettpinnen etter Brit Jorunn Svanes, som etter den første månaden skal under kniven for å gjere eit inngrep ho har venta på i ankelen.

I tillegg er Eva Marie Felde som vanleg fast faglærar i heile perioden. Det er dermed ein fagleg sterkt trio som får ansvaret for å lære opp og rettleie haustkullet.

Både Felde og Dalaker har sjølv vore praktikantar, høvesvis i 2007 og 2011. Felde er no tilsett som faglærar ved NRK Nynorsk mediesenter, medan Dalaker til vanleg er reporter og fotograf på lokalkontoret til NRK Vestland i Sogndal. Svanes jobbar vanlegvis som reporter i NRK Vestland sin nyhenderedaksjon i Førde.

# Tre faste NRK-tilsetjingar på kort tid

Éin fekk fast jobb allereie før ho var ferdig med praktikanttida.



JOBBI: Allereie før praktikanttida var over, vart Ingeborg Grindheim Slinde fast tilsett i NRK Vestland.

– Eg er utruleg glad. Eg blir nesten litt skjelven, seier Slinde.

Ho var praktikant på kull 36 og starta på opplæringa i januar 2022. Rett før ho var ferdig med den eksterne praksisen, takka ho ja til fast jobb ved lokalkontoret til NRK Vestland i Sogndal.

– Ho har god innsikt i regionen, og i tida som praktikant har ho vist seg som ein dyktig nyhetsreporter som ikkje er redd for dei vanskelege sakene, seier redaksjonssjef Linda Olin Reite i NRK Vestland.

Slinde var den tredje nynorskpraktikanten som fekk fast jobb i NRK denne våren. Eit par månadar tidlegare vart Eirin Tjoflot (biletet under) fast tilsett i NRK Direkte, og Oda Elise Svelstad fekk fast jobb i NRK Underhaldning.

Tjoflot meiner opplæringa frå NRK Nynorsk mediesenter har vore gull verdt.

– Eg hadde ikkje vore her om det ikkje var for dei fantastiske månadane i Førde. No gler meg til bidra til at folk kan lesa endå fleire nynorsksaker på NRK, seier ho.

Svelstad kjem med følgjande råd til praktikantar på jakt etter jobb:

**– Ein må seie JA til moglegheiter og tilbod som dukkar opp. Ikkje ver redd for å gå ut av komfortsona og gjere noko du elles aldri ville ha gjort. All erfaring er god erfaring, seier ho.**





# Vegard blir korrespondent i Afrika

**Ni år etter at han var nynorskpraktikant, går draumen i oppfylling.**

– Det er vel ein dårleg skjult hemmelegheit at dette er draumejobben for meg, seier Vegard Tjørhom.

I løpet av hausten startar han i jobben som NRK sin nye utanrikskorrespondent. Sirdølen er allereie ein del av utanriksredaksjonen, og han lagar såleis saker om Afrika frå før, men framover blir det altså Afrika på fulltid.

– Det er usikkert kvar kontoret skal vere, og mange ting spelar inn, men det er ikkje unaturleg å tenkje at det blir i Nairobi eller Cape Town, seier Tjørhom.

Vegard Tjørhom var nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i 2013. Han hadde ekstern praksis i NRK Utanriks, og seinare hadde han vikariat i nyhende- og utanriksavdelinga i vel to år. Frå våren 2017 til hausten 2018 var han kommunikasjonsrådgjevar i Kirkens Nødhjelp, før han på nytt vart vikar i NRK. Frå september 2020 har han vore fast tilsett som reporter i NRK.

– Nynorsk mediesenter var vegen inn i NRK, og ikkje minst i radio- og TV-verda. Eg hadde aldri fått denne jobben om det ikkje var for dei fire månadane i Førde, og for at leiinga ved mediesenteret kjempa for meg, seier han.

Tjørhom blir den andre tidlegare praktikanten som går inn i korrespondentkorpset i NRK. Frå før er Roger Sevrin Bruland i Berlin. Nordfjordingen har ansvar for den tysktalande delen av Europa og Aust-Europa. Begge vil vere viktige pilarar for nynorsken i NRK.

Han har allereie byrja å sjå framover mot eventyret i Afrika.

**– Eg gler meg stort til å komme i gang. Blokka er allereie stappa full av idear, seier Tjørhom.**



# Ann-Iren er ny nyhendesjef i NRK

**Ann-Iren Finstad er den nye nyhendesjefen i Nyhendedivisjonen i NRK.**

– Ein blir både audmjuk og glad når ein får ein slik jobb på fast basis, seier Finstad.

Ho er eit velkjent fjes for dei fleste på nyhendegolvet på Marienlyst, der ho allereie har fungert i stillinga i over eit år. Som nyhendesjef koordinerer og prioriterer ho det daglege arbeidet på tvers i heile Nyhendedivisjonen, og ho har delegert operativt redaktøransvar. Ho skal dele turnusen som nyhendesjef med Stein Bjøntegård og Stian Haraldsen.

– I NRK Nyheter er det mange spennande roller, men i denne stillinga får eg sitte midt i smørauget. Saman med gode kollegaer får eg vere med og jobbe mot strategiane våre, og ikkje minst eg får vere tett på der det skjer. Dette er både givande og kjekt, og eg er veldig glad for at eg får tilliten, seier Finstad.

Ann-Iren Finstad har ein mastergrad i kultur- og samfunnsvitskap, og ho var innom TV2 før ho kom til NRK Nynorsk mediesenter i 2008. Der gjekk ho på kull 9. Ho hadde ekstern praksis i Kulturnytt, og sidan har ho opparbeidd seg ein brei bakgrunn frå mellom anna Innanriks, Kultur, Dax18, Dagsrevyen og Ukeslutt. Dei siste åra har ho vore vaksjef på nett og bildedesken.

## Fekk fast jobb i NTB

Idunn Lavik har fått tilbod om og takka ja til fast jobb som nyhendereporter i NTB.

Vossingen gjekk på kull 30 våren 2019. Ho hadde praksis i NRK Innanriks og arbeidde i ulike redaksjonar på Marienlyst fram til mai 2021.

## Sikra seg fast jobb i TV Bra

Erlend Skorpetveit Aga fekk fast jobb før praktikantperioden var over. 1. mars starta han som videojournalist i TV Bra i Bergen.

Aga gjekk på kull 35. Tidlegare hadde tysnesværingen erfaring som fotoredigerar, teknisk sjef og redaktør for Student-TV i Bergen.



## IngviI sluttar i NRK - blir ny redaktør

**Etter 12 år i NRK blir IngviI Aaen Torpe ny redaktør i avis Hordaland.**

– Dette er ei ny og spennande utfordring. Eg gler meg til å verte kjend med alle dei nye kollegaene mine, og ikkje minst avis Hordaland, som er mi lokalavis, seier IngviI Aaen Torpe i ei pressemelding.

15. august byter ho ut NRK Vestland med avis Hordaland. Då går ho frå å leie 25 fotografar, teknikarar og klipparar til å syte for at 8527 avisabonnentar i Voss, Granvin, Ulvik, Vaksdal, Modalen, Eidfjord og Ullensvang får siste nytt.

Torpe, som kjem frå Voss, gjekk på kull 12 med nynorskpraktikantar, i 2010. Ho hadde praksis i NRK Hordaland, og har sidan hatt ulike funksjonar der.



## Espen er VG sin nye nyhendejeger – får bruke nynorsk på jobb i USA

Espen Moe Breivik har tatt eit års pause frå VGTV for å bli avis sin nye nyhendejeger i USA. Der har han ansvaret for å oppdatere VG.no om natta, publisere saker og i tillegg skrive eigne saker og meldingar.

– Eg skal skrive og variere meir, slik at vi får meir nynorsk i VG, seier Breivik.

Espen Moe Breivik var praktikant på kull 26 i 2017. Han hadde ekstern praksis i Økopoli i NRK Nyhende, før han heldt fram der som vikar ut april 2018. Sidan har han hatt lengre vikariat i VG, og frå juli 2020 har han vore fast tilsett som reporter i VGTV.

## Seline er klar for «comeback» i NRK

**Seline Larsen tar med røynsle frå Fjordenes Tidende til NRK Vestland.**



– Eg gler meg veldig til å ta med meg det eg har lært i livet som lokalavis-journalist tilbake til NRK, seier Seline Larsen.

Hausten 2020 byrja ho på kull 33 ved NRK Nynorsk mediesenter. Deretter var ho vikar i NRK Vestland, før ho våren 2021 byrja i eit vikariat i Fjordenes Tidende. Frå midten av august skal ho vere på plass som reporter for NRK i Nordfjord. Vikariatet er på fire månadar.

## Er ny utgåveredaktør i Nettavisen

**Hans-Olav Rise har byta ut Vårt Land med Nettavisen.**

Frå juni har sunnmøringen vore utgåvesjef og vaktsjef i Nettavisen.

Rise var praktikant for ti år sidan, på kull 16. Han kjem frå jobb som frontsjef i Vårt Land, og han har tidlegare arbeidd i NRK, Nationen og Nynorsk Pressekontor.



## Blir sjef for bokbåten «Epos»

Maria Pile Svåsand (kull 15, 2011) blir dagleg leiar av stiftinga som driv bokbåten Epos. Det flytande biblioteket har vore viktig i bygger langs fjorden sidan 1963.

– Bokbåten er allereie ein vestlandsinstitusjon. Med si historie og store plass i vestlendingane sine hjarte, finst det nærast ingen ende for dei moglegheitene som opnar seg for Epos som flytande litteraturhus, seier Svåsand i ei pressemelding.



## Dekkjer krigen i Ukraina: – Vil bidra

**Etter nokre rundar på heimebane, bestemte Elias Engevik seg for å reise til Ukraina for TV 2.**

– Som alle andre følgde eg med på nyheitene kvar dag, ofte med tårer i auga etter 21-sendinga. Men eg tenkte også mykje på kollegaene mine som jobba hardt. Eg kjende at her vil eg bidra, seier Elias Engevik.

26-åringen frå Solund har saman med reporter Kjetil Iden vore på plass for å dekkje krigen i Ukraina for TV 2. Målet har vore å fortelje nokre av dei mange tusen historiene og skjebnane folk i Ukraina opplever.

Elias Engevik var nynorskpraktikant på kull 21 i 2014. Han har seinare studert TV-teknikk og vore vikar i NRK på Lillehammer, før han fekk jobb som fotograf i TV 2. Der har han jobba med mykje forskjellig, før han tok valet om å reise til Ukraina.

---

## Laga podkast om Arve Beheim Karlsen

**Gjennom to episodar av NRK-podkasten «Hele historien», fortel tidlegare nynorskpraktikant Kristin Vestreim kva som skjedde med Arve Beheim Karlsen.**

Under eit russetreff vart indiskfødde Karlsen jaga av to ungdommar ned under ei bru. Dei ropa rasistiske trugslar etter han. To dagar seinare vart han funnen drukna i Sogndalselvi. Kva skjedde, er spørsmålet Vestreim har stilt seg. Ved å snakke med familie og vener av Karlsen fortel ho det ein veit og kan dokumentere av det som skjedde.

– Det har vore veldig spesielt å jobbe med noko frå mitt eige nærmiljø, sa Kristin Vestreim då ho var gjest i sendinga til «Sogn og Fjordane i dag».





## Ein barndomsdraum går i oppfylling

**Arianrhod Engebø leiar denne sommaren «VG-lista» saman med Nate Kahungu.**

– Å stå der, framfor alle dei menneska, blir heilt galskap. Eg klarar ikkje å setje meg inn i det ein gong. VG-lista på Rådhusplassen er eit fenomen, seier Arian til Firda. Ho skildrar det som ein barndomsdraum.

Arianrhod Engebø var praktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i 2017-2018. Året etter fekk ho sitt eige program «Arian» på P3. I vinter var ho ein av fire programleiarar for P3-aksjonen. Ho er til vanleg tilsett i Vrang produksjon, der ho lagar radioprogrammet «Studio P3».

### Heidra for årets nyskaping

**Bergit Sønstebo Svendseid var prosjektleiar for «Den store folkevandringa», som vann pris for årets nyskaping under Nordiske Mediedager 2022.**

– Dette er stor stas! Denne prisen høyrer til mange i NRK, LLA og SUJO, men først og fremst alle dei 68 lokalavisene over heile landet som laga viktig journalistikk gjennom prosjektet, sa Svendseid etter utdelinga.

Ho var praktikant på det fjerde kullet ved NRK Nynorsk mediesenter i 2006. Dei siste åra har ho vore fast tilsett i NRK Vestland, og er no redaksjonssjef der. I eit halvt år var ho prosjektleiar for det omfattande og unike prosjektet «Den store folkevandringa», som stakk av med den gjeve prisen. Også journalist Asgeir Heimdal Reksnes, som var praktikant på same kullet, har vore ein viktig bidragsytar frå NRK si side. Det same har tidlegare lærar på mediesenteret, Terje Gilleshammar, som no er redaksjonssjef i NRK Vestland, Tale Hauso (kull 19) i NRK Vestland og Vegard Tjørhom (kull 18), som arbeider for NRK på Marienlyst.



# Laga «Krøll» på TV: – Det kjennest heilt surrealistisk og fantastisk!



**Etter ein intens og lærerik periode, hadde Ida Yasin Andersen resultatet endeleg klart. No kan alle sjå den nye programserien «Krøll» på NRK.**

– Det kjennest heilt surrealistisk og fantastisk. Det var ein skikkeleg stor dag for meg, seier Ida Yasin Andersen.

Ho siktar til dagen då den splitter nye serien «Krøll» vart publisert i NRK TV. Serien handlar om skam knytt til krøllete hår, og det er Andersen som står bak ideen. Ho er sjølv både programskapar og programleiar.

**– Draumen er at serien skal nå ut til mange andre krølltoppar, og gi dei ei kjensle av tilhørsle og samhald som kanskje har mangla litt i oppveksten, seier 29-åringen.**

Andersen var nynorskpraktikant på kull 29 i 2018-2019. Ho hadde ekstern praksis i NRK Hordaland og heldt fram der som vikar og videojournalist. I juni 2020 fekk ho fast jobb i redaksjonen for kultur- og underhaldning i NRK Nyhende.



## Magni fekk Kringkastingsprisen 2021

**Magni Øvrebotten vart i vinter overraska med Kringkastingsprisen for sitt store engasjement for nynorsk.**

Det er Kringkastingsringen som kvart år deler ut prisen. Øvrebotten har både vore distriktsredaktør i NRK Sogn og Fjordane og mangeårig leiar av NRK Nynorsk mediesenter. Ho vart pensjonist i fjor sommar.



PRISVINNER: Tidlegare nynorskpraktikant Roger Sevrin Bruland på jobb som korrespondent for NRK.

## Fekk nynorskprisen for journalistar

**Etter å ha formidla nyhende frå krise på krise i Europa, skulle han fortelje kollegaene i NRK om korleis han bur seg på oppdrag i det krigsråka Ukraina. Men det heile var avtalt spel. For Roger Sevrin Bruland vart i staden overraska med Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar.**

– No tok de meg heilt på senga. Dette er kjempeoverraskande og kjekt. Eg er heilt mållaus, og det er det sjeldan eg blir, sa Roger Sevrin Bruland på storskjermen.

Prisvinnaren var på plass i Lviv i Ukraina, då han kopla seg opp digitalt under allmøtet i nyhendeavdelinga til NRK. Han hadde fått i oppdrag å orientere kollegaene sine om korleis han førebur seg på dekninga av krigen. Overraskinga var difor stor då jurymedlem Jens Kihl dukka opp og fortalte at Bruland er årets vinner av Kulturdepartementets nynorskpris for journalistar.

– Det er ei sann glede for juryen å gje prisen til Roger Sevrin Bruland, sa Kihl.

Han peika på den journalistiske jobben Bruland gjer under ulike kriser i Europa, og at språket hans er gjennomført, tydeleg og lett forståeleg.

**– Journalistar skal bruke eit daglegdags og ukomplisert språk, og då er nynorsk eit veldig godt verktøy. For meg fungerer det veldig godt til å rapportere utanriksnyhende. Det hjelper meg til å halde beina på bakken, og til å halde språket enkelt og slik at alle kan forstå nyhenda, sa Bruland.**

---

### **Nynorsk er eit veldig godt verktøy**

---

Bruland gjekk på det åttande kullet med nynorskpraktikantar i NRK i 2008. NRK har vore arbeidsgjevar heile vegen, og sidan 2019 har han vore korrespondent i Berlin, med ansvar for den tysktalande delen av Europa og Aust-Europa.



SAMLA: Kull 36 saman med språksjefen. Frå venstre: Oda Flaten Lødemel, Ingrid Gulbrandsen Årdal, Karoline Riise Kristiansen, Kasper Valestrand, Ingeborg Grindheim Slinde og Kristina Kassab Liland.

## **Praktikantane gav nynorsken ein puff i nord – og alle har fått jobb vidare**

**Det var merkbart at kull 36 var i praksis rundt omkring på distriktskontora.**

– Veldig kjekt at praktikantane bidrar til nynorskprosenten i ein landsdel der nynorsk ikkje står like sterkt som på Vestlandet, seier leiar Rune F. Lillesvangstu.

Kull 36 var eit reint DK-kull, der alle dei fem praktikantane hadde ekstern praksis på distriktskontor. Lillesvangstu besøkte Ingrid Gulbrandsen Årdal i NRK Nordland (biletet under) og Ingeborg Grindheim Slinde i NRK Troms og Finnmark.

Kristina Kassab Liland var den som var lengst i sør. Ho hadde ekstern praksis i NRK Rogaland. Kasper Valestrand var i NRK Vestland sin redaksjon i Førde, og Oda Flaten Lødemel var i NRK Møre og Romsdal.

Alle praktikantane går rett over i sommarjobb i dei same redaksjonane etter at dei er ferdige med ekstern praksis. Unnataket er Oda Flaten Lødemel, som byrjar i sommarjobb i NRK Vestland i Bergen. Deretter skal ho vidare i tilkallingsvikariat i TV 2 frå august.

**Det er og klart at Ingeborg Grindheim Slinde etter sommaren går over i fast jobb ved NRK Vestland sitt kontor i Sogndal.**

**Ingrid Gulbrandsen Årdal har fått eit års vikariat i NRK Nordland.**



# «Som å gå inn i ei berg- og dalbane»

**Kull 36 byrja på opplæringa i Førde i starten av januar 2022. Ved utgangen av juni var dei ferdige som nynorskpraktikantar. Dette seier dei etter det intensive halvåret ved NRK Nynorsk mediesenter:**

**Ingeborg Grindheim Slinde:** Det har vore seks veldig lærerike månadar, der eg har fått grundig opplæring i både nett, tv og radio. Som nynorskpraktikant har eg blitt utfordra, men innanfor rammene av det eg klarar. Eg har også fått trygg og god rettleiing frå både mediesenteret og dei andre i redaksjonen. Det har vore rom for å prøve, gjere feil og å prøve igjen. I tillegg har det vore fantastisk å ha dei andre praktikantane å glede seg med når nokon får ei sak på fronten, og å støtte seg på når noko har vore vanskeleg.

Tida mi som nynorskpraktikant har gjort meg til ein tryggare og meir allsidig journalist. Det har vore slitsamt, lærerikt, utfordrande og veldig, veldig kjekt!



**Ingrid Årdal:** Å vere nynorskpraktikant er som å tre inn i ei berg- og dalbane som du ville stått i kø for å ta om igjen. Eg har fått kjenne på kribling i magen, skrekkblanda fryd og ikkje minst meistring. Alt dette har opphaldet i Førde lagt godt til rette for, og det set eg stor pris på. Eg er også takknemleg for vidare tillit i Bodø, som har tatt meg godt imot. Frå oppstarten i Førde til fortsettinga i Bodø, har eg lært å produsere stoff til alle flater: radio, TV og nett. Det betyr også at eg har fått innfridd mine forventningar til opplæringa.

Ikkje minst har eg hatt det utruleg moro. Og! Viktig: Eg har fått terpa godt på nynorsken, som eg har hatt stor nytte av.




---

*Tida som nynorskpraktikant har gjort meg til ein tryggare og meir allsidig journalist*

---

**Oda Flaten Lødemel:** Eg har hatt det veldig bra som nynorskpraktikant. Det har vore intenst i periodar med ein del overtid, men når eg ser tilbake på alt eg har lært desse månadane tenker eg berre «fy søren!». Frå dag éin var opplegget proft, og det er heilt sprøtt kor mykje vi har vore innom på den forholdsvis korte tida i Førde.

I eksternpraksis merkar eg stadig vekk at eg får bruk for det eg har lært i Førde, om det så er korleis komponere eit bra bilde, hugse å setje offset 20 på radioutbrettane i Digas eller få situasjonar til live'ar på radio. Det er vanskeleg å skulle ramse opp alt eg har lært, for det er så mykje!



**Kasper Valestrand:** Seks månader i Førde har gått unna som berre det. Titt og ofte har eg vore ute på djupt vatn, men då er det bra at alle i NRK Vestland avdeling Førde har tatt kurs i livberging.

Sjølv om opplæringa på Loftet gjekk unna, og vi skulle gjennomgå mykje, var det alltid tid til å stoppe opp og diskutere det vi gjorde. Ingen spørsmål var for dumme, og det er jo sånn det skal vere.



**Kristina Kassab Liland:** Det har vore utruleg spennande å vera nynorskpraktikant. Me har lært mykje på kort tid, alt frå å vera ein god lyttar, til å læra oss dei digitale verktøya for å laga radio- og tv-reportasjar. Og nynorsken har kanskje vore ei sjølvfølge for meg, men fytti så lurt det er å bruka klarspråket nynorsk til å gje journalistikk!

Eg har hatt det både kjekt og tøft, og då har det vore fint at me praktikantane har hatt kvarandre og Nynorsk mediesenter å venda oss til om me treng hjelp til eitt eller anna. Når ein er ute i praksis, har ein framleis Nynorsk mediesenter i ryggen og som, ikkje minst, gir deg oppfølging under heile praksisen.




---

**Fytti så lurt det er å bruka klarspråket nynorsk til journalistikk!**

---

## Dette er praktikantane på kull 37



**Ingrid Nedrebø (1996)**, Fjaler i Sunnfjord. Har ein bachelor i musikkvitenskap ved NTNU i Trondheim. Ho har vore aktiv i Radio Revolt, og har vore nestleiar for studentradioen. Gjennom vernet har ho og skrive saker for studentavisa Under Dusken. Før ho startar som nynorskpraktikant skal ho ha sommarjobb i avisa Firda. Musikk har vore ein raud tråd gjennom utdanninga, og ho er og musikalsk leiar i Snaustrinda Spelemannslag. Ho har hatt sommarjobb som organist, vore vararepresentant i Fjaler kommunestyre og styremedlem i Norsk Målungsdom.

**Berit Helle Jonsbråten (1996)**, Bryne på Jæren. Har ein master i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Bergen. Der har ho og arbeidd som vitskapleg assistent og drive mykje med tekst og formidling. Jærbuen har dessutan vore aktiv i studentradioen, og ho har erfaring frå jobbar som pleieassistent og butikkmedarbeidar. Ho er glad i å skrive, og har eit sterkt engasjement for å få fram dei viktige lokale og mindre historiene, som ikkje alltid får mest plass i media.

**Sander Eide Aase (2003)**, Tørvikbygd i Hardanger. Han har vore tilkallingsvikar i lokalavisa Hordaland Folkeblad sidan han var 15 år. Der har han fått prøve seg på alt frå gravesaker til hendingssaker som må raskt ut på nettet. I tillegg har han røynsle frå ei rekkje verv innan politikken. Han har vore elevrådsleiar, representant på fylkestinget for ungdom, aktiv i ungdomsråd, målungdomen og Senterungdomen. 19-åringen brenn for å bli journalist for å kunne fortelje folk kva som skjer, på ein måte som gjer at alle forstår det.

**Solveig Oddvarsdotter Myren (1999)**, Haukedalen i Sunnfjord. Ho arbeider som koordinator og produksjonsassistent for eit nytt datingprogram i regi av produksjonsselskapet Monster. Samstundes studerer ho prosjektleiing ved Fagskulen Kristiania. Ho har og erfaring frå produksjonsselskapet Rubicon. Etter vidaregåande var ho elev på linja for Radio Live og Podkast ved Danvik Folkehøgskule. Ho er tidlegare styremedlem i Norsk Målungsdom og vil vere ein forsvarar av nynorsken. Ho ynskjer å fremje nynorsk skriftspråk og dialektene.

**Sunniva Skurtveit (1996)**, Os i Hordaland. Ho er nyutdanna lektor i samfunnsfag og matematikk ved NTNU i Trondheim, der ho skreiv masteroppgåve i sosiologi. Gjennom heile studieløpet har ho brukt nynorsk. Det siste året har ho vore styremedlem og ansvarleg for å planlegge debattar og møter på Studentersamfundet i Trondhjem, og ho har tidlegare også vore aktiv i debattkomiteen same stad. Ho har også røynsle som leirsjef for ein sommarleiar for barn ved Bømlo Folkehøgskule, og ho har vore miljøarbeidar same stad.

# Kvar blir nynorskpraktikantane av?

Ved utgangen av juni 2022 har vi lært opp 180 nynorskpraktikantar. I underkant av 60 prosent av dei arbeider i media, og om lag 39 prosent er i NRK. 13 prosent er i avisar/nettavisar og 7 prosent i TV 2 og andre medium. Utanom media arbeider vel 15 prosent med informasjon, språk og reklame.

Frå og med denne statusrapporten går vi over til å halde oversikt over dei siste ti kulla, det vil seie dei 50 siste praktikantane. 50 prosent av desse arbeider i NRK. 20 prosent jobbar i andre medium, medan 10 prosent arbeider med språk og informasjon.

Vi har tidlegare praktikantar i radio- og fjernsynsprogram, på nettet og i sosiale medium. Døme: NRK P3, Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, Ekko i P2 og Kveldsåpent i NRK P1. Vidare er det tidlegare praktikantar ved NRK-kontora i Alta, Bodø, Trondheim, Ålesund, Førde, Bergen, Stavanger, Porsgrunn, Oslo Viken og Lillehammer.

Det er også journalistar herifrå som er nyhendeanker og reporter i TV 2, nyhenderedaktør i Nationen, utgåveredaktør i Nettavisen, redaktør i avis Nordhordland, redaktør i avis Hordaland og journalistar i VG, Bergens Tidende, Møre-Nytt, Drammens Tidende, Fjordenes Tidende, Telemarksavisa og Stavanger Aftenblad.

Andre arbeider med språk, informasjon, rådgjeving i t.d.: Statsministerens kontor, Valdirektoratet, Språkrådet, Forbrukarrådet, Noregs Ungdomslag og Røde Kors.

I statusrapportar som denne tek vi berre med dei fem siste kulla:

## Kull 35: 17. august – 17. desember 2021



**Erlend Skorpelvæit Aga (1996)** er fast tilsett som videojournalist i TV Bra, **Ingeborg Undheim (1998)**, er vikar i NRK Direkte, **Adan Hassan Tassamma (1994)** er vikar i NRK Kultur, **Maria Gunnarsdotter Svedal (1994)** er vikar i NRK Vestland og **Bjørne Østrem Djukastein (1995)** er vikar i NRK sin innanriksredaksjon på Marienlyst.

## Kull 34: 4. januar – 30. juni 2021



**Åshild Slåen** (1995) er vikar i NRK Oslo Viken, **Martha Linnea Pukallus** (1999) er frilansfotograf og -journalist, **Synne Sørenes** (1994) er vikar i NRK Vestland i Bergen, **Ingeborg Kløve-Graue** (1994) er konsulent i Helse Bergen og **Oddgeir Sæle** (1991) er vikar i NRK Vestland i Førde.

## Kull 33: 19. august 2020 – 28. februar 2021



**Lidvard Sandven** (1996) er vikar i NRK Vestland, **Eirin Tjoflot** (1994) er fast tilsett i NRK Direkte, **Seline Larsen** (1998) er vikar i Fjordenes Tidende, **Linn Haug Eide** (1994) er doktorgradsstipendiat og **Per-Ivar Kvalsvik** (1993) er vikar i NRK Møre og Romsdal.

## Kull 32: 6. januar – 30. juni 2020.



**Sjur Mikael Dolve** (1999) er tilkallingsvikar i NRK Vestland i Bergen og studerer journalistikk ved Universitetet. **Astrid-Amalie Heldal** (født 1999) studerer nordisk ved Universitetet i Oslo. **Trine Svanholm Misje** (1993) er fast tilsett i TV 2 og **Emily Louisa Millan Eide** (1993) er vikar i kulturavdelinga til NRK på Marienlyst. **Guro Brattespe Lahus** (1993) er vikar i Opptur-redaksjonen til NRK i Bergen.

## Kull 31: 19. august 2019 – 29. februar 2020.



**Elias Håvarstein** (1996) er fast tilsett som journalist med TV- og videokompetanse i Stavanger Aftenblad. **Oda Elise Svelstad** (1993) er fast tilsett i NRK Underhaldning i Oslo, **Lars Volldal** (1987) er frilansar, **Vilde Gjerde Lied** (1995) frilansar og **Hans Ivar Moss Kolseth** (1995) er vikar i NRK Direkte i Oslo.

### FAKTA OM FIRE SYSTERTILTAK:

**NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. 10 praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for dei to andre. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu

**NRK FleRe** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari

**Samisk talentprogram** – for rekruttering og opplæring av samisktalande journalistar på alle plattformer. Tek inn seks kandidatar i året. Praksisperioden er på ti månadar. Oppretta og drive av NRK Sàpmi sidan 2020. Leiar: Mona Solbakk

**Nynorsk avissenter** – for rekruttering av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Åtte-ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Nynorsk avissenter er samlokalisert med avis Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland

### NRK Nynorsk mediesenter samarbeider så mykje som mogleg med dei tre andre strategiske rekrutteringstiltaka:

Med NRK FleRe og Samisk talentprogram har vi felles fagdagar i Oslo. Med Nynorsk avissenter samarbeider vi om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Vi har dessutan sams søknadsfrist, og kandidatar som søker begge opplæringane vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge må dei sjølve velje kvar dei vil gå.